

LEIGEKONTRAKT 2023/24

Mellom Vesterland Feriepark AS (utleigar) på den eine sida

og.....(leigar)

på den andre sida er det inngått denne kontrakt:

Heimeadresse til leigetakar:.....

tlf: email adr..... Pers. nr.

I. Leigeareal:

I eigedom Vesterland Feriepark får leigaren leigerett til husvære nr. som skal disponerast av ___1 eller _ 2 personar, husvære med ___1 soverom med 2 senger eller dobbeltseng eller _ 2 soverom. Bod vert disponert i lag med andre husvære.

II. Overlevering av husvære:

Leigetilhøvet omfattar husværet i den stand og med det utstyr og inventar som er førevist ved overtakinga. (Handdukar og sengetøy er ikkje med). Er det feil og manglar ved overlevering (td. manglande reingjering, øydelagde ting), må resepsjonen få beskjed om dette innen 2 dagar etter innflytting. er ti

III. Bruk av husvære:

Husværet må berre brukast til bebuing med maks. ___ 1 person eller _ 2 personar. Bruk av motorvarmar kan skje etter særskild avtale. Opphenging av bilde eller gjenstandar på veggane er ikkje tillete. Vaktmeistartenester er ikkje inkl. I husleiga. Støvsugaren må ikkje brukast til peisovnen (aske). Bruk helst ikkje joggesko i husværet p.g.a. svarte strek på møblar og gulv. Avfall skal sorterast og tømmast jamleg. Lagring av avfall på veranda er forbode. Bruk av musikkanlegg, andre støykjelder o.l. må ikkje til noko tid vere til sjenanse. Etter kl. 23.00 skal det vere ro, og det må utvisast stor varsemd ved bruk av køyretøy og andre støykilder. Husdyr er ikkje tillete. I fall det er ynskje om det, må det avtalast med utleigar. Det er røykeforbod i alle husvære.

Vesterland kan utan varsel føreta inspeksjon av husværet den første kvardag i kvar månad. Vesterland har og rett til å ta seg inn i husværet utan vidare varsel for nødvendige reperasjonar som er varsla av leigetakar.

Vesterland har og rett å ta seg inn i husværet utan varsel ved spesielle høve som ved fare for frostskaade, tekniske feil eller utbetringar som hastar.

V. Husleiga:

Husleiga inkluderar straum, kommunale avgifter, TV/parabol. Internett er gratis.

Leigetid	1 person	2 personar
3-4 mnd	9000	10000
5-8 mnd	8100	9100
9 mnd	7400	8400

Set ring rundt prisen for ønska leigeperiode og pers.

Prisane gjeld ikkje i turistsesongen. Prisane gjeld fra dato til dato. Leige utover heile månadar vert belasta pr. døgn fram til kl. 12.00 på utflyttingsdag. Kr. 500,- for ein person og kr. 600 for 2 personar pr. døgn.

Husleiga forfell til betaling forskotsvis den dato kontrakten starta i kvar mnd.

Totalpris for leigeperioden vert kr: _____

A: Forbruk av lyspærer, toalettpapir, støvsugarposar m.m. er ikkje inkludert i husleiga.

B: Kryss av her dersom NAV er involvert direkte eller indirekte i anledningen for leigeforholdet: _____

C: Utleigar er ikkje ansvarleg for brot på Breidband/ straum/ vatn utkoppling som utleigar ikkje er årsak til. Dette gjeld og vedlikehald.

Som del av denne kontrakten forpliktar leigaren seg til å innbetala depositum på kr.5.000,- til sikkerheit for utleigaren sitt krav etter denne leigeavtalen. Renter av den innbetalte depositum tilfell utleigar. Depositumet forfell til innbetaling ved underskrift av denne kontrakt. Leigetakar kan ikkje nytte depositum som delbetaling av husleige eller andre ubetalte krav. Alle med gyldig leigekontrakt får 50% rabatt på faslilitatar som trening, badig og squash. Me gir 50% rabatt på ordinærpris på utleige til foreldre/familie.

VI. Leigetid:

Leigeforholdet er tidsbestemt til:

_ A: 9 - ni månader: 01.09.200..... til 31.05.200.....

_ B: Frå dag:mnd:..... til dag:.....mnd:.....

VII. Framleige:

Framleige er ikkje tillate utan samtykkje frå utleigaren. Det same gjeld framlån.

II. Endringar i leigeforholdet:

Leigeavtalen fell bort dersom utleigd husvære eller rom blir øydlagd av brann eller anna hendeleg begivenheit.

Døyr leigaren før leigeforholdet er slutt, opphøyrer leigeavtalen den dag leigeobjektet vert frigjort.

Denne leigeavtalen kan ikkje seiast opp. Ein kan derimot få endra leigeperiode i punkt VI, og pris i punkt V ved 3 mnd. varsel rekna frå den 1. i kvar mnd. Ved innkorting av leigeperioden, gjeld prisane i punkt V med tilbakevirkande kraft.

IX. Misleghald:

Vert leiga ikkje betalt 14 dagar etter at skriftleg krav har funne stad, kan leigaren kastast ut utan søksmål. Flyttar ikkje leigaren når leigetida er ute kan han likeins kastast ut utan søksmål. Ref. Punkt XI.

Ein leigebuar som flyttar etter utkastning eller etter krav frå utleigaren

leigar på grunn av misleghald, pliktar å betala leige for den tid som er igjen av leigetida med frådrag av det som utleigaren får inn ved ny utleige. Leigaren må også betala dei kostnader som utkastning, søksmål og rydding fører med seg.

Omsetning, oppbevaring og bruk av narkotiske stoffer på Vesterlands område vil føre til umiddelbar utkastning.

X. Fråflytting:

Ved fråflytting skal husværet og bod vere rydda og vaska.

Ved fråflytting er utleigar berettiga til å føreta avrekning i depositumet for beløp som leigaren måtte stå ansvarleg for etter denne avtalen. Leigetakar kan be utleigar om inspeksjon og godkjenning av utvask inntil 2 gonger før fråflytting. Inspeksjon kan skje mandag til fredag mellom 08.00 og 16.00. Leigetakarar som flytter utan godkjenning av utvask, aksepterar å bli belasta for evt. resterande utvask. Overskytande av depositumet skal attendebetalast leigar innan to månader etter utflytting.

Leigetakar som ikkje ynskjer å vaske ut sjølv, lyt tinga utvask i resepsjonen seinast 1 mnd. før utflytting. Utvask vert rekna med kr 400 pr time inkl. mva. inntil ei maktsgrense på kr. 5.000.

XI. Unntak frå husleigelova:

Husleigelova § 1-1. Lovens virkeområde m.v.

Loven gjelder ikke avtaler mellom hoteller, pensjonater og liknende overnattingssteder og deres gjester.

Det betyr at denne avtalen og utleigar sine retningslinjer for utleige regulerar leigeforholdet.

XII. Dokumentasjon:

Denne kontrakt er skrevet i 2 - to - eksemplarer, der partane får kvar sitt.

Kaupanger den

.....
Leigetakar

.....
Utleigar.
Vesterland Feriepark